

Undersøking om erfaringane dine med døgnopphald i psykisk helsevern

Med dette brevet inviterast du til å delta i ei spørjeundersøking om erfaringane dine med institusjonen du er innlagd ved. Hensikta med undersøkinga er å gje tilbakemelding om pasientanes erfaringar med tilbodet dei mottar, og med det bidra til god kvalitet i behandlinga.

Frå og med 2020 vert alle pasientar som er innlagd ved institusjonar i psykisk helsevern inviterte til å delta i denne undersøkinga rett før dei blir utskrivne.

Om utfylling av spørjeskjema

Du svarar på Internett på nettbrett, PC eller smarttelefon. Scann QR-koden eller skriv følgande direkte i nettlesaren (ikkje bruk Google eller andre søkesider):

<https://nettskjema.uio.no/a/phv>

Innloggingskoden din til skjemaet finn du på skjemaet på bokmål. Merk deg at dei tre første teikna er tal.



For at undersøkinga skal vere av god kvalitet og at resultatata skal bli pålitelege, er det viktig at du sit aleine medan du fyller ut skjemaet og svarar utan å diskutere svara dine med andre.

Svaret ditt blir trygt lagra på ein server ved Universitetet i Oslo når du trykker på «Send-knappen» på siste side. Svara hentast seinare ut av datainnsamlingsteamet i Folkehelseinstituttet (FHI).


Om undersøkinga

Helse- og omsorgsdepartementet har gjeve Folkehelseinstituttet i oppdrag å etablera undersøkinga i samarbeid med institusjonane.

Det er frivillig å delta i undersøkinga. Ved å svare på spørsmåla i skjemaet samtykker du i å vera med i undersøkinga. FHI har vurdert at behandlinga av personopplysningar i prosjektet er i samsvar med personvernregelverket. Alle som jobbar med undersøkinga i FHI har teieplikt og alle opplysningar behandlast fortruleg. Institusjonen du er innlagd ved får ikkje vite kva akkurat du svarar. Vi lagar ein rapport for kvar institusjon, og data fra undersøkinga vil og bli brukt i analyser og forskning.

Dersom du har spørsmål om undersøkinga kan du spørje personalet ved institusjonen. Lykke til med utfyllinga!

Med venleg helsing



Camilla Stoltenberg
Direktør
Folkehelseinstituttet



Scann her for info
på andre språk PHV